



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 15.01.2016
Vår ref.: 2015/1511
Arkivnr.: 471

Vindafjord kommune
Rådhuset
5580 Ølen

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Toraneset Miljøpark, 151/18 Vindafjord - Kompostering - Fornya løyve Haugaland interkommunale miljøverk IKS (HIM) - Oppmoding om uttale til søknaden - Utlegging til offentlig ettersyn

Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle lokale tilhøve m.v. som det bør tas omsyn til ved handsaming av søknaden. Kommunen si uttale sendes oss innan 8 veker. Me ber om at saksdokumenta og kunngjeringa blir lagt ut til offentlig ettersyn i kommunen.

Fylkesmannen i Rogaland har mottatt søknad frå Haugaland interkommunale miljøverk IKS (HIM), avd. Toraneset, om fornya løyve etter forureiningsloven til drift av komposteringsanlegg, på gnr/bnr 151/18, Skjold, Vindafjord kommune.

Kort utgreiing om omsøkt verksemd

Plassering

Gnr/bnr 151/18, Skjold, Vindafjord kommune.

Ca. 650 meter frå nærmaste busetnad, ca. 700 meter frå nærmaste bustad (avstandar i luftlinje)

Type verksemd

Komposteringsanlegg for handsaming av matavfall, avløpsslam og marin begroing. Foto over anlegget er vist i vedlegg 3, teikning i vedlegg 1 i søknaden. Omsøkt anlegg svarar til dagens verksemd og infrastruktur.

Driftstid:

7,5 timar bemanna arbeidstid, 5 dagar i veka. Ca. 250 dagar per år.

Aktivitet:

INN: 6-8 renovasjonsbilar
4-7 vogntog med containerar

1 vogntog per dag med slam (gjennomsnittleg)
Ca 60 vogntog med flis **per år**

UT: 2-3 privatbilar/døgn i snitt for året. 5-6 bilar/døgn i vår/sommarsesong
Ca 10 lastebilar eller vogntog **per år**

Det alle meste av trafikken ut går føre seg i april-september.

Det er ikkje forventa at trafikk knytt til komposteringsanlegget vil auke. Trafikkbelastninga vil være omtrent som dagens situasjon.

Det søkas om følgjande rammar:

Tabell 1: Oversikt over årleg mengde råstoff og produkt, samt maksimale mengder av desse som blir lagra. Alle tal er i tonn.

Råstoff	Mottak årleg	Lagra råstoff samtidig	Produkt	Mengde produsert årleg	Lagra produkt samtidig
Matavfall	7000	-	Kompost av matavfall	2500	5000**
Avløpsslam	5000	96*	Slamkompost	2500	2500
Marin begroing	1500	1500	Kompost av marin begroing	1200	1200
Reint trevirke	3000	1500	Inngår i kompost	-	-
Hagevirke	100	50	Inngår i kompost	-	-
Biorest frå Haugesund Avløpsrensaneanlegg	2500		Kjem ferdig utrotna. Nytt produkt.	2500	2500
SUM	19100	3146		8700	11200

*Estimert ut i frå informasjonene om at det kjem eit vogntog med slam per dag (i gjennomsnitt), og at slammet blir lagra i ei veke før det blir handsama.

**HIM oppgjer at maksimal lagringstid (inkludert modningstid) er to år. Dermed blir mengde lagra produkt dobbelt så mykje som mengde produsert årleg.

Reinsetiltak:

Det er per dags dato ingen reinsetiltak verken til luft eller vatn på Toraneset Miljøpark. I søknaden står det beskrive at avrenning frå komposteringsanlegget samlas opp og førast i tett leidning til en fangdam for sigevatn og vidare til sigevatnleidninga med utslipp til sjø.

Fylkesmannen sine merknader:

I brev av 11.02.2015 kravde Fylkesmannen at Haugaland interkommunale miljøverk IKS (HIM) avd Toraneset sendte inn søknad om ny løyve for drift av komposteringsanlegg. Bakgrunnen for at ny søknad måtte sendes inn er at den gjeldande løyva er utdatert i forhold til dagens drift av anlegget. Vilråra som gjelder komposteringa som går føre seg ved Toraneset Miljøpark er fastsatt i kapittel D i løyve av 09.02.2000. I følgje forureiningslova § 18 kan løyve tilbakekallas eller endras når det har gått 10 år etter at den ble gitt.

Søknaden vil bli handsama iht. forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta), kapittel 36 om handsaming av løyver etter forureiningslova, fastsatt av Klima- og miljødepartementet 01.06.2004. Vårt fokus er på utslipp til luft, jord og vatn, og vi oppfordrar sakspartar til å gje uttalar angående desse punkta.

Fylkesmannen ber Vindafjord kommune spesielt sjekke punkt 3, «Planstatus», i søknaden, og bekrefte at det som står der er korrekt.

Det vil i ei eventuell ny løyve bli stilt krav frå rettleiaren «Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensingsloven» TA 3019/2013 gjeven av Miljødirektoratet (tidl. Klif).

Offentleg kunngjering:

Fylkesmannen sørgjer for kunngjering av søknaden i Grannar og Haugesunds Avis. Kunngjeringskostnadene skal dekkjast av søkar. Kunngjeringsteksten følgjer vedlagt.

Utlekking til offentlig ettersyn:

Søknaden blir lagt ut til offentlig ettersyn i Vindafjord kommune. Søknaden er også lagt ut på Fylkesmannen i Rogaland si heimeside, www.fylkesmannen.no/rogaland under "Miljø og klima" og "Høyringar". Uttaler frå interesserte kan sendast Fylkesmannen i Rogaland, postboks 59, 4001 Stavanger, innan 4 veker frå utleggingstidspunkt.

Uttaler - kommunal slutthandsaming:

Frist for kommunale og fylkeskommunale uttaler blir sett til 8 veker frå kunngjeringsdato. Kommunen bes innan same tidsrom å innhente naudsynte uttaler frå eigne organ så langt ein finn dette naudsynt. Vidare må ein opplysa om omsøkt verksemd er i samsvar med gjeldande bygnings- og reguleringsføresegner for området.

Kommunens uttale bør gi opplysingar om lokale tilhøve som kommunen meiner manglar eller er utilstrekkeleg omtala i søknaden, og som det bør takast omsyn til ved avgjerda.

Ein tilrår at kommunen setjar i verk kommunal slutthandsaming i organ som kan foreta ei heilskapleg vurdering av saka. Uttaler og utskrift frå kommunal sakshandsaming blir å senda Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass fylkesmiljøvernsjef

Mari Næss
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Mari Næss
Saksbehandlar telefon: 51568935
E-post: fmromna@fylkesmannen.no

Vedlegg (sendes til Vindafjord kommune):

1. Søknad av 01.10.2015 med ni vedlegg
2. Utfyllande informasjon med fem vedlegg
3. Kunngjeringstekst

Kopi til:

Vats bondelag v/Jakob Eskelad	Blikravegen 410	5576	ØVRE VATS
Asbjørn Alendal	Anndal	5574	SKJOLD
Brynhild Lie v/advokat Olav Braaten	Postboks 1661 Vika	0120	OSLO
Skjold bondelag v/Kjartan Kalstveit	Kalstveit	5574	SKJOLD
Vikebygd bondelag v/Reidar Bjordal	Vikevegen 582	5568	VIKEBYGD
Ølen bondelag v/Trond Haugland	Øklandsvegen 106	5580	ØLEN
Margit Johanne Håkull	Hagebyvegen 24	5574	SKJOLD
Geir Øystein Håkull	Vikevegen 122	5574	SKJOLD
HIM Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS	Haraldseidvågen	5574	Skjold
Bjoa bondelag v/Inga Steinsland	Steinslandsvegen 138	5584	BJOA

Frøydis Salomonsen	Trodlahaugen 129	5412	STORD
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Marit Johanne Larsen	Huldervegen 5	4260	TORVASTAD
Martin Johan Frøyland	Øvregata 230 B	5525	HAUGESUND
Jan Tore Håkull	Frakkagjerddalen 51	5563	FØRRESFJØRDEN
Turid Bjorland	Solvangveien 45B	5519	HAUGESUND
Gunn Kjellaug Hellvik	Salthellern 14	4364	SIREVÅG
Jan Gunnar Frøyland	Øyna 11	5574	SKJOLD
Rita og John Audun Antonsen	Kleivane 15	5538	HAUGESUND
Ole Andreas Haraldseid	Søre Vågen 1	5574	SKJOLD
Tor Arne Sandvik	Haraldseidvågen 289	5574	SKJOLD